

Årsmelding 2021

4H Norge





◀ 4H-arar på regionsamling i 4H Møre og Romsdal. Teamet var «Mesternes mester», i tillegg fekk deltakarane opplæring i bruk av ville vekstar i matlaging. Foto: Foto: Valbjørg Vikane.

Ein del av dugnaden!

Medlemmane i 4H Norge er nokon skikkelege tøffingar. Først kom 2020, eit år vi ikkje trengjer å snakke om, og så kom 2021 som for mange eigentleg berre ble ein kopi av året før. La oss slå fast med ein gong: det er krevjande å være 4H-ar når det er pandemi.

Vårt motto er: Å lære ved å gjere. Og for ein 4H-ar blir ting enda morosamare, jo fleire vi er saman. Difor er pandemi og avstand noko som ikkje harmonerer med 4H. Livet er betre når vi kan være saman! Likevel bretta 4H-arane opp ermene og tok del i dugnaden. For er det ein ting vi kan, så er det nettopp dugnad.

Så, kva skjedde eigentleg i 2021?

Vi begynte året med pandemi, fekk ein liten pause frå den på sommaren og avslutta med ei ny nedstenging. Mange aktivitetar på fylkes- og landsnivå blei avlyst. Mellom anna vart det ingen Nordisk 4H-leir i Sverige. Det var eit stort sagn for mange. Likefullt bidrog medlemmar, klubbbrådgivarar, foreldre og frivillige over heile landet til å skape aktivitet. Sjølv om aktiviteten rundt om i Noreg var lågare enn vanleg, så blei det arrangert mellom anna leirar, klubbbrådgivarsamlingar og kurs. Over 1 100 medlemmar deltok på styrevervkurs. Og rundt om i Noreg er det fleire enn 3 000 ungdommar som sit i valde tillitsverv. Det er imponerande! Samtidig hadde vi ein nedgang i medlemstalet. Vi trur mykje av grunnen er nettopp pandemi og mindre aktivitet. Det er ikkje berre i 4H man ser denne trenden, men i heile frivilligheita. Men en trend kan snus!

4H Norges strategi er å bli større, smartare og synlegare. Vi blei kanskje ikkje større, men vi ble meir synleg i lokalpressa. Faktisk hadde vi ein auking på neste 20 % i presseoppslag. Vi blei også smartare i løpet av året. Mellom anna blei den digitale prosjektplattforma større veke for veke, og vi jobbar kontinuerleg med måtar for å gjere den betre.

Ein ting er sikkert, i 2021 fekk ein av våre kjerneaktivitetar ei oppblomstring. Over heile landet blei friluftsliv, ryggsekk, telt og termos noko alle dreiv med. Folk gjekk på tur i naturen - saman. Det gjer eit 4H-hjarte varmt!

Med dette vil sentralstyret takke alle som har stått på – og står på - for 4H. Nå skal vi saman gjere 4H større, smartare og meir synleg i 2022!

4H-High Five

Frå

Martin Holmen

Martin Holmen

Fungerande styreleiar



Foto: Beate Patay



▲ Gjennom den nasjonale satsinga «Den naturlege skulesekken» er mellom anna matproduksjon eit tema. På Hauger 4H-gard følgjer elevane spent prosessen frå frø til ferdig vekst.

INNHALD

Leiar.....	3
Representasjon 2021	6
Strategi	
<i>Større</i>	8
<i>Smartare</i>	12
<i>Synlegare</i>	14
Korona – nok eit annleisår.....	16
Friluftsliv	18
Nasjonale prosjekt.....	20
Organisasjonsbygging	22
<i>Mat og naturbruk</i>	22
<i>Organisasjon</i>	24
Internasjonalt	32
Administrasjon	34



Foto: Valbjørg Vikane

Representasjon

Æresmedlemmar

Martin Stavrum, Kristen Bartnes, Lars Aamodt, Leiv Sølvberg, Eivind Mjærum, Jorit Bratteng Aanes, Kari Heggelund og Ola Cato Lie.

Tildelte æresdiplom

Desse fekk tildelt æresdiplom i 2021:

Karen Marie Ramleth (4H Agder) | Kjell Huso (4H Buskerud) | Ingvill Bøckman (4H Agder) | Kjell Sigurd Sira (4H Agder) | Kari Anne Meisen (4H Sogn og Fjordane) | Gro Iren Nedreberg (4H Sogn og Fjordane).

Ordførar i landsmøtet

Ordførar: Simen Saxebøl (4H Østfold)

Varaordførar: Thor Christian Grosås (4H Akershus og Oslo)

Sentralstyret 2020/2022

Styrelaiar: Siri Myhre (4H Vestfold)

Nestleiar: Martin Holmen (4H Hedmark)
Andreas Ølvestveit (4H Hordaland)
Andrine Jensen Fossum (4H Østfold)
Helle Formo Hartz (4H Buskerud)
Jens Håkon Birkeland (4H Hordaland)

- 1. varamedlem:** Torgeir Timenes Bell (4H Sogn og Fjordane)
- 2. varamedlem:** Raymond Kirknes (4H Agder)
- 3. varamedlem:** Astrid Wehn (4H Trøndelag)

Tilsettrepresentant: Turi Elise Kaus
Tilsettrepresentant, vara: Irene Pande

Norske 4H-alumnar sin representant i styret:
Emil Barstad.

4H-gård Norge sin representant i styret:
Ole Mathis Opstad Kruse.

◀ Glade bakarar på dagskurs i tradisjonsmat, kor dei mellom anna baka brød, safta, sylta, laga middag og bakte på takke på Førland 4H-gard.

Landsstyret

Landsstyret består av sentralstyret, fylkesstyreleiarane, representanter frå 4H-gård Norge og Norske 4H-alumnar. 4H Norge sin styreleiar er også landsstyrets leiar.

Medlemsorganisasjonar

Norges Vel | Det norske Skogselskap | Norges Bonde- lag | Norges Skogeierforbund | Norges Bygdekvinnelag | Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Samarbeidsorganisasjonar

Landbruks- og matdepartementet | Norsk Landbruks- samvirke | Gartnerhallen SA | Geno SA | Gjensidige Forsikring ASA | Hoff SA, Honningcentralen | Landkreditt SA | Norsk Kjøttfeavslag | Norsk Sau og Geit | Felleskjøp Agri | Norges Pelsdyrslag | Norsvin SA | Nortura BA | Tine SA | TYR | Norsk Landbruks- rådgivning | Norsk Friluftsliv | Forbundet Kysten | Rural Youth Europe | 4H the Gambia | Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar | Frivillighet Norge | Av-og-til | Det Norske Hageselskap | Noregs Bygdeungdomslag | Statsforvaltarens landbruks- avdelingar og fylkeskommunane.

Styret i Norske 4H-alumnar (N4HA)

Leiar: Emil Barstad

Nestleiar: Iris Merete Natten Frydenlund

Styremedlem: Astrid Frøysnes Flaa

Styremedlem: Maren Kristine Holøs Haugom

Styremedlem: Sigfrid Skogland Kristjansdottir

Styremedlem: Siri Mostad Larsen

Styremedlem: Synne Røthe Sandal

1. vara: Fredrik Heien

Styret blei valt på N4HA sitt årsmøte sommaren 2021.

Styret i 4H-gård Norge

Leiar: Jessica Kennedy-Barlaup, Voll 4H-gard

Nestleiar: Sigurd Årskaug, Flatheim 4H-gard

Styremedlem: Eirin Ingeborg Bjune, Medtigården 4H-gard

Styremedlem: Heidi Tønnesen, Kampen økologiske bornebondegard (KØBB)

Styremedlem oppnemnd av sentralstyret: Ole Mathis Kruse

1. vara: Olaug Olsen, Givær 4H-gard

2. vara: Ellen Skauen Ruud, Skauen 4H-gard

Styret blei valt på 4H-gard Norge sitt årsmøte i februar 2021.



▲ Vaflar kan vere både dagnadsmat, eit sundt måltid og dessert – det er berre fantasien som set grenser. 4H Norge fekk plass i Den store vaffelboka saman med over 20 andre aktørar, både frivillige organisasjonar og anerkjente restaurantar.



*4H skal verte større med fleire medlemmar
og større deltaking på arrangement i heile landet.*

Strategi for 4H Norge 2018–2024

Større

Verving

Det vart gjennomført eit målretta og strategisk arbeid for at fleire born og unge skal få kjennskap til og høve for ei sosial, aktiv, lærerik og morosam fritid i 4H. Det vart lagt til rette for verving i klubbar og fylkeslag, mellom anna ved å utvikle og gjere tilgjengeleg verve- og informasjonsmateriell. For å byggje ein kultur for verving vart det mellom anna delt vervetips og vervetal.

Verveperiodar

I samband med utsending av kontingentfaktura, vart det jobba med gjenverving av fjorårets medlemmar i februar og mars. I mai og juni vart klubbane oppfordra til å vise seg fram i lokalmedia og lokalsamfunnet. I august og september verva klubbane ved skulestart og fylkeslaga vart oppfordra til å starte nye klubbar. I november og desember vart årets største vervekampanje gjennomført. Klubbane blei oppfordra til å invitere born og unge med på et opent arrangement for å vise fram kva 4H er.

Aktivitet

God aktivitet er viktig for å vere ein stor og attraktiv organisasjon. Mellom anna har 4H-arane hatt høve til å delta på kurs, leirar og volleyballturneringar. Dessverre var pandemien orsak til at ein del av aktivitetane måtte avlysast eller blei gjennomført på alternative måtar. Mellom anna blei det ikkje mogeleg å delta på nordisk leir.

Kløvermedlem

Kløvermedlemskapet er for born som er mellom fire og ni år, og er eit rekrutteringsmedlemskap der målet er at dei skal bli hovudmedlem når dei blir gamle nok. Kløvermedlemmane fekk invitasjonar til opne arrangement, i tillegg til medlemsblad og eit eget årleg aktivitetshäfte. Tema for aktivitetshæftet i 2021 var «Bli kjend med dyra». I tillegg har nokre klubbar laga eigne kløvergrupper i klubben og tilbyr eigne aktivitetar tilpassa aldersgruppa.

Juniorane tok del i mange ulike aktivitetar og treffe nye og gamle vennar på Juniorsprell i Hordaland.





Foto: Victoria Zanoni Ulme.

4H-arane var høgt og lågt då Bjødnabykse 4H hadde klatring som aktivitet.



Foto: Bøler 4H

4H-arane i Bøler 4H dro ut med kano på deira sommarleir.



Foto: Bøler 4H

Bøler 4H i 4H Akershus og Oslo arrangerte klubbleir, og 4H-arane hadde mange morsame aktivitetar.



Foto: Frode Menes

4H-arane som deltok på Valnesfjord leir, blei kjende med dyra på garden.

MEDLEMSTAL 2021

FYLKESNAMN	ALUMN	ARRANGEMENT	HOVUDMELEM	KLOVERMELEM	STØTTEMELEM	SØSKENMELEM	TOT. MEDLEMSTAL	KLUBBRÅDGIVARAR	TOT. INKL KLUBBRÅDGIVARAR	TOT. MEDLEMSTAL	MEDLEMMAR UNDER 26 ÅR
4H Østfold	56		491	39	8	136	730	89	819	804	704
4H Akershus og Oslo	44		273	46	6	61	430	65	495	447	400
4H Hedmark	27		376	22	19	128	572	86	658	648	549
4H Oppland	43		254	53	25	81	456	63	519	437	418
4H Buskerud	49	1	523	37	11	146	767	88	855	776	730
4H Vestfold	78	1	280	38	6	71	474	73	547	568	436
4H Telemark	17		102	9	3	22	153	33	186	208	144
4H Agder	33	1	261	81	22	80	478	72	550	468	438
4H Rogaland	35		910	30	23	295	1 293	161	1 454	1 342	1 256
4H Hordaland	53		594	28	4	211	890	113	1 003	1 038	866
4H Sogn og Fjordane	81		795	48	11	300	1 235	185	1 420	1 311	1 191
4H Møre og Romsdal	63		346	62	8	130	609	117	726	599	575
4H Trøndelag	123		1 001	110	15	331	1 580	257	1 837	1 805	1 521
4H Nordland	40	131	111	75	8	16	381	37	418	315	350
4H Troms	11	5	73	24	2	27	142	45	187	156	138
4H Finnmark	16	7	45	81	14	9	172	28	200	122	144
4H IFYE	28						28		28	39	3
Sum 2021	797	146	6 435	783	185	2 044	10 390	1 512	11 902	11 083	9 863
Sum 2020	897	88	6 619	618	170	2 691	11 083	1 601	12 684	10 554	
Sum 2019	827	98	7 121	579	234	2 843	11 702	1 613	13 315	11 135	
Sum 2018	942	130	7 629	594	249	2 985	12 529	1 637	14 166	11 925	
Sum 2017	905	98	8 043	584	201	3 156	12 987	1 636	14 623	12 432	
Sum 2016	898	79	8 301	518	194	3 206	13 196	1 753	14 949	12 664	
Sum 2015	907	92	8 769	549	100	3 284	13 701	1 754	15 455	13 270	
Sum 2014	946	78	9 050	528	10	3 365	13 977	1 589	15 566		
Sum 2013	867	78	9 048	473	14	3 447	13 927	1 700	15 627		
Endringer 2020-2021	-100	58	-184	165	15	-647	-693	-89	-782	-691	

4H skal jobbe smartare digitalt og utvikle rutinar og malar som gjer det enklare å vere medlem, tillitsvald og tilsett i 4H.

Smartare

Prosjektplattforma

15. februar relanserte vi prosjektplattforma. Dette basert på gode tilbakemeldingar på spørjeundersøking og tett dialog med medlemmar, klubbbrådgivarar og internt i organisasjonen. Målet var å gjere prosjektplattforma endå meir brukarvennleg.

I juni oppretta vi ei ny stilling som fagrådgivar på prosjektplattforma. Dette førte til at vi kunne gi betre oppfølging, informasjonsdeling og betre support ut til brukarane av prosjektplattforma.

Prosjektgruppa i digitale prosjekt har bidratt med å laga opplæringsvideoar på YouTube, vore med på ulike testingar av plattforma, og dessutan hatt eitt fysisk møte i 2021.

Oppdragsbanken vart jamleg oppdatert med mange gode oppdragsforslag frå 4H-medlemmar.

Vi var inne i det andre året med prosjektplattforma og vi såg at fleire og fleire tok i bruk digitale prosjekt i staden for dei gamle prosjekthefta.

4H-prosjekter

Mange flotte og kreative prosjekt vart levert inn i 2021. Totalt vart det gjennomført 7 018 4H-prosjekt – av desse var 5 760 digitale. Det er omtrent 2 000 fleire gjennomførte – over 50% auking – på digitale 4H-prosjekt samanlikna med året før.

Dei mest populære 4H-prosjekta er knytt til 4H sin kjerneaktivitet innan landbruk og friluftsliv. Helse og kultur er òg populære val. Dette speglast også i kva oppdrag som oftast blir valt i dei digitale prosjekta, der oppdrag om friluftsliv, dyrking og matlaging er mest populære.

Når ein har gjennomført sju godkjende prosjekt og 4H-år, får ein den høgaste utmerkingane i 4H – plaketten. I 2021 var det 510 nye plakettmottakarar, det er 4,5% fleire enn året før.



Foto: Frode Menes.

På Bodin 4H-gard i Nordland lærte borna mykje om kor maten kjem frå og om det å være ute i naturen – mellom anna å klatre i trea. ►



Foto: Frode Menes.

▲ 4H-arar i Gjøver 4H i krets Nord var ute med båt og fiska. Foto: Frode Menes.

PROSJEKT PER FAGOMRÅDE 2021

FAGOMRÅDE	TAL
Dig - Natur	1 587
Dig - Helse	1 140
Dig - Dyr og gårdsliv	837
Dig - Kultur	817
Dig - 4H-arbeid	510
Dig - Teknologi og mekking	457
Aspirant	431
Fritt valg	420
Dig - Samfunn	302
Landbruk	117
Dig - Entreprenørskap	110
Friluftsliv	91
Kultur	91
Kosthold og mat	85
Samfunn	23
Totalsum	7 018

Prosjektnamn som har «dig» føre seg, betyr digitale 4H-prosjekt.

15 MEST POPULÆRE 4H-PROSJEKT

4H-PROSJEKT	TAL
Dig - Natur	1 587
Dig - Helse	1 140
Dig - Dyr og gårdsliv	837
Dig - Kultur	817
Dig - 4H arbeid	510
Dig - Teknologi og mekking	457
Dig - Samfunn	302
Aspirant	286
Fritt valg	245
Fritt val	175
Dig - Entreprenørskap	110
Friluftsliv	71
Baker'n	70
Vi baker	44
4H-fotografen	42
Totalsum	7 018

15 mest populære prosjekt av 55 valgte.



4H skal vere synlegare i mediebialetet.

Synlegare

For å bli meir synleg gjennomførte 4H Norge fleire tiltak. Det er ynskjeleg med fleire medlemmar, og for å informere føresette om kva 4H er, blei det laga ein ny informasjonsbrosjyre retta mot føresette.

Visuell framstilling og historieforteljing er viktig. Difor auka vi tilsettressursar på innhaldsproduksjon. Det blei laga fire videoar om friluftsliv i 4H, samt to videoar om kledd i 4H og under open himmel, i samband med 4H-dagen.

Me fekk også gjennomført photo shoots for å auke tilgangen på gode stillbilete som kan brukast i samband med synleggjering av 4H.

Kommunikasjonsstrategi

Det endelege arbeidet med kommunikasjonsstrategien vart sluttført. Arbeidsgruppa som jobbar med kommunikasjonsstrategien hadde ingen fysiske samlingar i 2021, men jobba digitalt med å ferdigstille den. Kommunikasjonsstrategien vart vedteke på 4H Norge sitt landsstyremøte i oktober.

Profileringsutval

Vi skal vere synlege, og 4H-arane er dei beste ambassadørane for å vise fram 4H. I Facebook-gruppa «Profileringsgjengen i 4H», gjev medlemmane innspel til kva slags kule 4H-produkt og premiar, som skal produserast. Målet er at fleirtalet av medlemmane skal vere i medlemsalder (opptil 18 år).

Ulike synleggjeringskanalar i 4H

4H Norge skal ha oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon i kanalane våre. Vi skal vere aktive og til stades i dei kanalane der hovudmålgruppa vår, born og unge i medlemsalder, er. Målet er å skapa ein tett dialog og dela hendingar knytt til 4H. Dette har vore særst viktig i nok eit år prega av koronapandemien.

Medlemsblad

AKTIVITET hadde to utgåver, med eit opplag på 11 000 pr utgåve. Dette er same tal som i 2020, og altså inga endring i opplaget til det nasjonale medlemsbladet.



Medlemsbladet AKTIVITET inneheld mellom anna reportasjar, intervju, faste spalter, organisasjonsstoff m.m. Medlemsbladet sendes til alle 4H-familiar.

Nettside

I 2021 var talet på brukarar av 4H Norge si nettside 125 847. Dette er ein nedgang på 33,36%, men 4,94% auke, samanlikna med 2019. Det viser at 2020 var eit annleisår med lanseringa av den digitale prosjekt-plattformen, og nyheita si interesse.

Også den andre store aukinga («Gjennomsnittleg varigheit pr økt») sjåast i samanheng med dei digitale 4H-prosjekta, samt at klubbane og 4H-arane finn gode verktøy, både på ressursidene og i nedlastingssenteret på nettsidene.

4h.no	2020	2021	ENDRING I %
Tal på brukarar	188 837	125 847	- 33,36%
Tal nye brukarar	117 242	120 768	3,01%
Gjennomsnittleg sider besøkt pr økt	4,89	4,99	2,04%
Gjennomsnittleg varigheit pr økt	3 min 42 sek	4 min 14 sek	14,41%

Kjelde: Google Analytics

Facebook

Facebook blir brukt aktivt til deling av nyheiter, informasjon om arrangement, kurs, fristar og meir til. Det har vore ein stabil, men likevel liten auke i talet på både likarklikk og følgjara.

FB	2020	2021	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Rekkevidde*	-	90 502	-	-
Side- og profil-besøk*	-	2 757	-	-
Totalt tal følgjarar	8 074	8 149	75	0,93%
Likarklikk	8 155	8 269	114	1,40%

Kjelde: Facebook

Instagram

Gode visuelle videoar/bilete og korte tekstar skal bidra til at følgjarane skal komma på innsida og få ei kjensle av kva 4H er. Tal følgjarar Instagram pr. 31.12.2021: 3 111, som er ei auke på 2,0%.

INSTAGRAM	2021	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Rekkevidde*	5 520	-	-
Besøk på Instagram-profilen*	1 950	-	-

* nye tal – rapportert for fyrste gong i 2021.

Kjelde: Meta Business Suite

Informasjon til klubbane

Klubb-service er eit elektronisk informasjonsskriv som blir sendt til alle 4H-klubbar. Sjølv skrivet inneheld relevant informasjon, som gjer det enklare for klubbane å skape lokal aktivitet. Det vart sendt tre utgåver av Klubb-service i 2021.

Presseoppslag

Totalt var det 1070 treff/presseklipp på 4H Norge sin profil på medieovervakingstenesta til Infomedia i 2021. Dette er ei auke på nærare 20%. 916 av treffa var frå lokale media og 53 treff/oppslag var regionale/nasjonale. 94 av oppslaga omhandla haustfestar.

Talet på presseklipp hadde ei betydeleg auke samanlikna med 2020. Sannsynleg årsak til denne auka er at det vart gjennomført fleire aktivitetar og arrangement i 2021, samanlikna med 2020, då heile landet var stengd ned store deler av året. Det er grunn til å tro at auka aktivitet i lokalsamfunn over heile landet, viser at vi blir meir synlege.

ØKNING I PRESSEKLIPP

20 %

Korona – nok eit annleisår

Som 2020 vart også 2021 prega av koronapandemi og tiltak for å hindre smittespreiing. Ein del planlagde aktivitetar og arrangement vart avlyst. Mellom anna vart det ikkje mogeleg å delta på nordisk leir i Sverige.

Koronapandemien vart langvarig og gjorde også 2021 til eit annleisår. Som året før vart ein del aktivitetar og arrangement avlyst, mens nokon vart gjennomført digitalt eller i mindre grupper. Til dømes har ein del

fylkeslag gjennomført årsmøte og styrevervopplæring digitalt. Eitt landsstyremøte blei avlyst grunna koronapandemien, medan fylkesstyreopplæringa og ein del møte i sentralstyret vart gjennomført digitalt.

Gjennom året har 4H Norge følgd myndighetenes reglar og anbefalingar, og tilpassa desse til 4H-aktivitet. Klubbar, fylkeslag, 4H-gardar, arrangørar og medlemmar vart informert om gjeldande reglar og anbefalingar gjennom heile året.

I 2020 blei det lyst ut ekstraordinære aktivitetsmidlar til fylkeslaga på totalt 300 000 kroner. Desse midlane vart tildelt og brukt i 2021. Midlane gjekk til å skape lokal aktivitet for medlemmar.

FYLKESLAGA SINE AKTIVITETAR:

FYLKESLAG	AKTIVITET/PROSJEKT
4H Agder	52 turar
4H Akershus og Oslo	52 turar
4H Buskerud	52 turar
4H Hedmark	Regionleirar
4H Hordaland	Kreativt storkurs / Uförgløyemelege dagskurs
4H Møre og Romsdal	Aktivitetskoffert
4H Nordland	Grønn inkludering - sammen er vi mange
4H Oppland	Sommer-OL
4H Rogaland	Storkurs i Koronatid (SIKT21)
4H Sogn og Fjordane	Klubbleir
4H Telemark	52 turar
4H Troms	Klubbsurprise
4H Trøndelag	Friluftsalumn/aktivitetsalumn
4H Vestfold	52 turar
4H Østfold	52 turar



Foto: Bøler 4H

KLUBBLEIR: Sjølv om korona-pandemien satt ein stoppar for dei fleste fylkesleirar, var det mange klubbar som storkoste seg med eigen klubbleir.



JUNIORSPRELL: Trass koronarestriksjonar vart det gjennomført spennande aktivitetar. Mellom anna hadde 4H-arar i Hordaland ein aktiv helg på Hardangervidda under årets Juniorsprell.



Foto: Familien Askeland

FRILUFTSLIV: Sjølv om ein del arrangement vart avlyst grunna koronapandemien, kunne medlemmene likevel ha ei sosial, aktiv og morosam tid med 4H-prosjektet. Her er Signe Askeland (13) som valde «bratt og vått friluftsliv» som 4H-prosjekt i 2021, på toppen av Store Skagastølstind.

Friluftsliv



Foto: Frode Mønes

SOMMARLEIR: Valnesfjord 4H hadde sommarleir i naturskjønne omgjevnadar.

I 2021 brukte 4H Norge friluftsliv aktivt for å inspirere born og unge til å bruke naturen som ein arena for læring. Det blei gjennomført fleire friluftslivsprosjekt, både nasjonalt, regionalt og lokalt, med stønad frå ei rekkje samarbeidspartnarar og støtteordningar. I tillegg var friluftsliv i 4H godt synleg gjennom arrangementet «Under open himmel», som arrangerast årleg for å markere 4H-dagen.

4H Norge er dessutan del av Norsk Friluftsliv, som er ein fellesorganisasjon for 18 norske friluftslivsorganisasjonar. Gjennom samarbeidet med Norsk Friluftsliv, jobbar 4H Norge for å spreie friluftsglede for fleire, mellom anna ved at 4H-klubbane tek del i og arrangerer «Friluftslivets uke» lokalt. I 2021 blei «Friluftslivets uke» arrangert den første veka i september over heile landet.



Foto: Frode Mønes

RAFTING: Det var vått og moro då Dagali 4H var på rafting.



Foto: Framsyn 4H

I FJÆRA: Framsyn 4H var på tur til Toftefjorden og fann mykje spennande i fjæra.

Nasjonale prosjekt

Årstidens oppdrag

Gjennom prosjektet «Årstidens oppdrag» publiserte vi årstidsspesifikke natur- og friluftslivrelaterte oppdrag. Kvar årstid fekk 4H-arar inspirasjon til lågterskel friluftsliv i nærmiljøet. Nokre av oppdraga som kunne gjennomførast var til dømes å leite etter vårteikn, gjennomføre ein ryddeaksjon, lage ein barkebåt, sanke bær eller sopp, dra på krabbejakt, lage snøfyrverkeri, med meir.

Alle som sendte inn bilete av gjennomførte oppdrag, var med i trekninga av nytt friluftsliv-utstyr. Til saman mottek vi nærmare 400 bilete av 4H-arane sine friluftslivopplevingar gjennom dei ulike årstidene.



Foto: Camilla Nesheim



Foto: Elin Jorun Rose



Foto: Hanna Arset

JUNIORSPRELL: Trass koronarestriksjonar vart det gjennomført spennande aktivitetar. Mellom anna hadde 4H-arar i Hordaland ein aktiv helg på Hardangervidda under årets Juniorsprell.

Leik og lær i naturen

Målet med prosjektet var å inspirere born og unge til å bruke naturen i nærområdet.

Dei viktigaste tiltaka var:

1. Aktivitetshefte for kløvermedlemmar

Heftet «Bli kjend med dyra» inneheld lågterskelaktivitetar, og vart sendt til alle kløvermedlemmar (born i alderen 4–9 år).



Foto: Mona Grenne

2. Friluftsliv for alumnar

Med stønad frå prosjektet inviterte Norske 4H-alumnar til ei spennande aktivitetshelg med surfekurs på Borestranda i Rogaland. Nesten 40 4H-arar over 18 år fekk glede av å lære ved å gjere.



Foto: Iris Merethe Naitten Frydenlund

3. Friluftshelt-filmar

4H lanserte fire filmar i serien «Friluftshelt», som skal lære born og unge grunnleggjande friluftslivskunnskap. Videoane blei lansert i samband med Friluftslivets veke, og handlar om sporlaus ferdsel, allemannsretten, korleis pakke sekken til tur og riktige klede på tur.



4. Aktivitetsdagar

Gjennom lokale aktivitetsdagar har 4H-klubbar, 4H-fylke og 4H-gardar over heila landet stått for friluftsliv og læring gjennom varierte aktivitetar. Det vart gjennomført 96 arrangement rundt om i Noreg, med til saman 5 639 deltakarar. Talet på deltakarar på arrangementa har hatt ei gledeleg auke på over 130%, samanlikna med 2020. Det vart brukt om lag 4 435 dugnadstimar på arrangementa.



Foto: Mari Hegge



*4H-lovnaden: Vi lovar å arbeide mot det mål
å bli ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte,
flinke Hender og god Helse.*

Organisasjonsbygging

Mat og naturbruk

Rekruttering

4H Norge har mykje godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane innafor landbruk, både fagskular og høgskular, over heile landet. Nokre tilsette har kontor plassane sine på fagskulane. 4H informerer om utdanningstilbod innan land- og skogbruk. 4H i fylka arrangerer også kurs for medlemmar med tema skog, landbruk, dyr og mat.

Trass nedstenging store deler av året, vart det gjennomført ti kurs med til saman 101 deltakarar, med tema naturbruk, dyr og mat. I klubbane har heile 2 878 born og unge vore på gardsbesøk.

Samarbeidspartnarar

4H-klubbane, 4H-gardane, 4H i fylka og 4H nasjonalt samarbeidde med fleire aktørar innan naturbruk og friluftsliv, faglag i landbruket, landbrukssamvirke, naturbruksskulane, statsforvaltaren og fylkeskommune, kommunale landbrukskontor, Forum for natur og friluftsliv, miljøorganisasjonar, studieforbund, universitet, museum, fiskarlag, kystlag, husflidslag, sogelag, vikinglag, hagelag, og andre lokale lag og organisasjonar.

Unge kokker

4H Norge samarbeidde med Unge kokker om prosjektet «Smart mat på fritida». Gjennom prosjektet lærte 4H-arane kreativ, spennande og sunn matlaging. Det vart utvikla digitalt inspirasjonsmateriell som



Foto: Bjørn Steinar Bergan

▲
Lerka 4H i Holmestrand hadde fellesprosjekt der dei samarbeidde med Vassås bygdekvinnelag. I prosjektet hadde dei mellom anna potetsetting og potetoptaking.

4H-arane og klubbane kan bruke vidare. Målet i prosjektet var å bidra til sunt kosthald og god helse blant born og unge.


4H-gardsaktivitetar og samarbeid

4H Norge har 50 godkjende 4H-gardar og -setrar. Grunna nok eit år med koronarestriksjonar vart bruken av 4H-gardane redusert også i 2021. Nokre gardar opna likevel for mindre grupper når det har vore forsvarleg, og starta opp vanleg aktivitet når smitteverntiltaka tillèt det.

4H-gardane og -setrane er til vanleg lærerike og sosiale pedagogiske arenaer for born, ungdom og ulike brukargrupper av vaksne. Gardane tilbyr eit stort mangfald av aktivitetar som læringsarena for skule- og barnehageverket, arena for fritidsklubbar, open gard, SFO, kafédrift, ferieaktivitetar, turisme mm. Gardane arbeider etter 4H sine verdiar og legg vekt på læring ved å gjere, inkludering og integrering. Alle besøka på 4H-gardane tyder på at det er svært mange som får kunnskap om dyrestell og dyrking gjennom aktivitetar på dag- og kveldstid og i ferietida. Alle 4H-gardane er med i 4H Norge, som tilbyr nettverk, kurs, seminar og internasjonalt samarbeid.

Internasjonalt samarbeid

4H-gard Norge innehar leiervet i European Federation of City Farms (EFCF). EFCF er eit nettverk for besøkgardar som legg til rette for involvering av born, ungdom og vaksne. Årleg arrangerast det seminar og samlingar for både ungdom og vaksne. Dessverre vart alle samlingane avlyste også i 2021 grunna covid.



dengronneskolen.no er ei gratis ressurside med aktivitetar og pedagogisk opplegg innan naturbruk, landbruk og friluftsliv.

Den naturlege skolesekken

4H Norge deltar i Den naturlege skolesekken, i regi av Naturfagsenteret – saman med Hauger 4H-gard. Den naturlege skolesekken legg til rette for utvida bruk av skulen sitt nærmiljø i undervisninga og sett miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. 4H deltar på grunnskulenivå, 1. – 7. klasse. 4H jobbar med tema som matproduksjon og dyrehald.



Foto: Ingeborg Tangeraas

▲ Aktivitetar knyta til dyrking og mat skapar fellesskap på tvers av ulike kulturar.

Den grøne skulen

dengronneskolen.no er ei gratis ressurside med aktivitetar og pedagogisk opplegg innan landbruk, naturbruk og friluftsliv.

Nettsida er i hovudsak retta mot lærarar og andre som ønskjer å gjennomføre pedagogiske aktivitetar for born og unge, men ho inneheld òg mykje nyttig og bra innhald for frivillige organisasjonar og pedagogiske aktivitetar som vil eigna seg godt på ein 4H-gard. Det blei sumaren 2021 fylde på med fleire aktivitetar.

Den grøne skulen er eit resultat av eit samarbeid mellom Norges Bondelag og 4H Norge.



ANTALL NYE INSTRUKTØRER →

29

Foto: Monika Swigon

Organisasjon

Instruktøropplæring

Det årlege nasjonale instruktørkurset kvalifiserer deltakarane til å halde kurs i fylka. Deltakarane kan bli instruktørar i enten styreverv eller friluftsliv. Opplæringa er set saman av to kurshelger, i tillegg til praksis i eige fylke. Det er Instruktørkursutvalet (IKU), som består av erfarne 4H-arar, som er ansvarleg for fagleg innhald, planlegging og praktisk gjennomføring av kurset.

Også i 2021 vart kursa råka av smitteverntiltak. På våren var det ikkje mogleg å arrangere fysiske kurs. Friluftslivsfordjupinga måtte difor avlysast, men det blei gjennomført eit digitalt, direktesendt kurs på styrevervsfordjupinga. Gode interaktive løysingar sikra eit godt kurs, trass avstand. På hausten kunne kurset arrangerast fysisk igjen – for første gang sidan hausten 2019.

Trass omstende vart 29 nye instruktørar utdanna i mars, medan 28 nye instruktørar starta opplæringa i november. Dette er nokre færre enn året før, då det vart utdanne 48 nye instruktørar medan 30 starta på ny opplæring.

▲
Det var stor glede då instruktørkurset på hausten endeleg kunne arrangerast fysisk igjen.

Anna kursverksemd

4H er medlem av Studieforbundet natur og miljø. I 2021 fekk 109 kursstønad frå Studieforbundet. Kursa vart halde i lokale klubbar, fylkeslag og sentralledet. Til saman hadde desse kursa 1 320 deltakarar, som utgjorde 1 121 kurstimar. Totalt gav Studieforbundet kr 163 100 i tilskot.

Volleyball/Landkreditt cup

Volleyball er 4H-idretten. 4H arrangerer volleyballcup på leirar og kurs, i tillegg til at mange klubbar har volleyballaktivitet på sine medlemsmøte. Aktiviteten vart betydeleg redusert for andre år på rad, grunna korona. Leirar og store samlingar vart avlyste. Likevel vart det i 2021 arrangert 532 volleyballtreningar. Landkreditt Bank held fram som sponsor for volleyballcupane i 4H.

VOLLEYBALL 2021

Tal treningar	532
4H-arar som deltok på trening	3 581
Turneringar o.l. som klubben har vore på	79
4H-arar som var på turneringar	894

4H-klubbar

4H Norge hadde totalt 464 aktive klubbar fordelt på 16 fylkeslag i 2021. Til saman sit det 2 866 born og unge i klubbstyra, som driv 4H-klubbane over heile landet.

Det vart gjennomført 66 kurs i demokratiopplæring, ein del av dei vart gjennomført digitalt. Nokre fylke samarbeidde, slik at alle klubbane fekk eit tilbod om å delta på styrevervopplæringa. Desse kursa gjev tillitsvalde i 4H-klubbane opplæring i styrearbeid. Til saman deltok 1 151 4H-arar på styrevervkurs og anna demokratiopplæring.

BORN/UNGE SOM SIT I KLUBBSTYRER

2 866

STYREVERV I 4H-KLUBBANE

VERV	JENTE/ KVINNE	GUT/ MANN	
Leiar	63 %	37 %	515
Nestleiar	58 %	42 %	470
Kasserar	56 %	44 %	485
Sekretær	76 %	24 %	491
Styremedlem	51 %	49 %	953
Varamedlem	50 %	50 %	180
Totalsum	1 688	1 178	
Prosentvis fordeling kjønn	59 %	41 %	

Under open himmel

«Under open himmel» vart markert i samband med 4H-dagen. Dei fleste sov ute natta 1. – 2. mai. 4H-arar over heile landet markerte dagen med å sove ute under open himmel. 4H-klubbane kunne ikkje samla så mange som dei vanlegvis gjer, grunna korona, men kreative og løysingsorienterte 4H-arar feira likevel 4H med å sove ute saman – på avstand.

Klubbrådgivarar

I 2021 hadde 4H 1 512 klubbrådgivarar, vaksne frivillige, som har som oppgåve å støtte og rettleie klubbane, og spesielt klubbstyra, i deira arbeid. Klubbrådgivar-samlingar vart stort sett gjennomført digitalt. Der fekk dei vaksne opplæring, inspirasjon og høve til å utveksle erfaringar og tankar om aktivitetar i koronatid.

KURS MED STØTTE FRÅ STUDIEFORBUNDET NATUR OG MILJØ

MEDLEMSORGANISASJON	GJ.FØRTE KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
4H Norge	109	1 121	1 320	kr 163 100

AMATØRTEATER OG UNDERHALDNING

SPELETID	TAL PRODUKSJONAR	TAL FREMFØRINGAR	TAL SKODESPELARAR	TAL PUBLIKUM, CA
Under 20 minuttar	152	146	1 059	6 702
Mellom 20–60 minuttar	93	111	1 433	6 200
Over 60 minuttar	52	36	525	2 123
Summar	297	293	3 017	15 025

LEIRAR	TAL	DELTA- RAR	
Aspirantleir	0	0	Avlyst pga Covid-19
Fylkesleir	2	45	Nordland fylke, resten avlyst pga Covid-19
Nordisk	0	0	Avlyst pga Covid-19
Andre leirar	6	120	Friluftsliv-, distrikts- og mini leirar for alumn
Totalt	8	165	

KURS I DEMOKRATOOPLÆRING

66

ANTALL KLUBBMØTER

3 381



Foto: 4H Sogn og Fjordane



Trivelege trivselagentar i 4H Sogn og Fjordane på tur. De skal mellom anna skape trivsel på 4H-arrangement og i eigen klubb, i tillegg til å være ein god rollemodell og skape tryggleik for andre 4H-arar.

DIVERSE ARRANGEMENT I KLUBBANE	AKTIVITETAR	DELTAKARAR
Friluftslivsaktivitetar	1 738	21 162
Landbruksaktivitetar	208	2 208
4H-gard eller gardsbesøk	222	2 878
Kyst- og sjøaktivitetar	240	3 435
Matlagingsaktivitetar	717	7 763
Andre aktivitetar	1 152	21 849
Sum aktivitetar i klubbar 2020	4 277	59 295

MØTER I 4H-KLUBBANE		
ANTAL STYREMØTE	ANTAL KLUBBMØTE	ANTAL GRUPPEMØTE
2 086	3 381	694



Foto: Frode Mønes

▲ På Bodin 4H-gard i 4H Nordland blei 4H-arane nærare kjend med dyra.

KLUBBAR, 4H-GARDAR OG -SETRAR

FYLKE	4H-KLUBBAR 2020		4H-KLUBBAR 2021		4H-GARDAR OG -SETRAR	
	TELJANDE KLUBBAR	TOTALT	TELJANDE KLUBBAR	TOTALT	2020	2021
4H Østfold	28	29	27	29	5	3
4H Akershus og Oslo	22	24	22	24	4	4
4H Hedmark	30	30	29	30	2	2
4H Oppland	20	22	20	23	2	2
4H Buskerud	29	29	28	29	2	2
4H Vestfold	19	21	18	21	2	2
4H Telemark	15	17	13	15	1	1
4H Agder	20	23	20	20	2	2
4H Rogaland	35	36	34	35	1	1
4H Hordaland	35	35	35	35	1	0
4H Sogn og Fjordane	63	67	57	61	6	6
4H Møre og Romsdal	34	36	33	34	2	2
4H Trøndelag	83	94	76	90	7	7
4H Nordland	18	22	18*	19*	7	8
4H Troms	10	13	8	9	4	4
4H Finnmark	3	7	5	8	2	2
4H Norge	1	1	0	1		
Sum	465	506	425	464	50	48

* Sommerklubber blir ikke regnet som 4H klubb



▲
Gjennom det nasjonale prosjektet "Arstidens oppdrag" gjennomførte 4H-arar over heile landet ulike oppdrag, mellom anna oppdrag teltur.

Fylka

Det vart endå eit år med mange utsette og avlyste arrangement grunna koronapandemien, noko som har medført at fleire av fylkesårsmøta i dei 16 4H-fylka vart gjennomført digitalt.

Det blei gjennomført styrevervopplæringa i fylka. Fylkesstyreopplæringa føregjekk digitalt og nokre stader fysisk.

I 2021 har det vore gjennomført to fylkesleirar, begge i 4H Nordland. Dei andre fylkesleirane vart enten utsette eller avlyste, men fleire kreative klubbar og fylker har samla seg i små grupper lokalt.

Lokalt i klubbane har det vore størst aktivitet ute i friluft.

Kretsar

4H Norge sitt sekretariat er delt inn i fire kretsar. Tilstette i kvar krets blir leia av ein regionkoordinator. Kretsane er sett saman slik:

Nord: 4H Finnmark, 4H Troms og 4H Nordland.

Midt: 4H Trøndelag, 4H Oppland og 4H Hedmark.

Aust-Sør: 4H Akershus og Oslo, 4H Østfold, 4H Vestfold, 4H Telemark, 4H Buskerud og 4H Agder.

Vest: 4H Møre og Romsdal, 4H Sogn og Fjordane, 4H Hordaland og 4H Rogaland.

Landsstyret

Landsstyret består av fylkesstyreleiarane, sentralstyret og representantar frå Norske 4H-alumnar og 4H-gard Norge. Dei handsamar overordna saker som har særleg vekt på fylka eller saker der fylka har viktige synspunkt.

I 2021 var det eitt ordinært landsstyremøte. Dette gjekk over to dagar i Tromsø i oktober. På møtet vart mellom anna kommunikasjonstrategi og nasjonal kurshelg handsama. Dei diskuterte òg medlemsrekruttering og vedtok nye normalvedtekter for klubb og fylkeslag.

KURS		
TYPE KURS	TAL	DELTAKARAR
Demokratiopplæring, inkludert underkurs	66	1 151
Kultur	12	60
Natur og landbruk, seter og sommarkurs	8	91
Storkurs	8	174
Friluftsliv	7	63
Fylkestyreopplæring	6	144
Klubbrådgivar samling	6	117
Nasjonalt instruktørkurs-Styreverv/Friluftsliv	4	98
Volleyball og anna sport	3	33
Trivselagentsamling	2	15
Mat og helse	2	10
Opplæring Digitale prosjekter	1	175
Sosiale medier og nettverk	1	17
N4HA-Voksenlederkurs	1	17
Totalt	127	2 165

KLUBBRÅDGIVARAR PR FYLKE	
FYLKE	TOTALT
4H Østfold	89
4H Akershus og Oslo	65
4H Hedmark	86
4H Oppland	63
4H Buskerud	88
4H Vestfold	73
4H Telemark	33
4H Rogaland	161
4H Hordaland	113
4H Sogn og Fjordane	185
4H Møre og Romsdal	117
4H Nordland	37
14H Troms	45
4H Finnmark	28
4H Agder	72
4H Trøndelag	257
Totalt	1 512

FYLKESSTYRELEIARAR

4H Agder	Tom Ivar Olsen
4H Akershus og Oslo	Linda Fladby
4H Buskerud	Hege Pyntari
4H Finnmark	Mona Danielsen
4H Hedmark	Mari Gjeldaker Bårdshaug
4H Hordaland	Synne Røthe Sandal
4H Møre og Romsdal	Hans Ole Hatle
4H Nordland	Miriam Sandvær Ottesen
4H Oppland	Guri Årnes
4H Rogaland	Mari Aksdal Hermansen
4H Sogn og Fjordane	Eirik Hortemo Vikøren
4H Telemark	Helge Nærum
4H Troms	Jørgen Juul Thomassen
4H Trøndelag	Trine Haug
4H Vestfold	Mariann Hegg
4H Østfold	Nina Bredeesen Granum

Arrangement

Grunna koronapandemien var det få arrangement på lands- og fylkesplan. Dei fleste fylkesleirane vart utsette eller avlyste. Store fylkeskurs vart avlyste, nesten alle nasjonale møter og arrangement vart avlyste, i tillegg blei alle internasjonale kurs og utvekslingar avlyst. Nordisk leir i Halland i Sverige vart dessverre òg avlyst.

Sentralstyret

Sentralstyret har hatt ni styremøte i 2021. Dei har handsama over 36 løypande saker. Kvart 4H-fylke har hatt ein fast kontaktperson i sentralstyret som dei har hatt kontakt med gjennom året.

Denne kontakten har vore nyttig i nok eit krevjande år prega av pandemi, og har sytt for viktig informasjon frå fylka inn i styret, og frå styret og ut i fylka.

Sentralstyret og landsstyret fortset å arbeide i arbeidsgrupper.

Norske 4H-alumnar (N4HA)

Emil Barstad vart valt til leiar for Norske 4H-alumnar på deira digitale årsmøte 18. juli. N4HA gjennomførte arrangement som alumnboost, aktivitetshelg med surfing og vaksenlearkurs (del 1).

N4HA har òg gjennomført prosjektet «Alumnløft» med innspelmøter og inspirasjonskveldar for å kartlegge ynskjer og behov i klubbane med mål om auka aktivitet.

Per 31. desember var det 16 alumnklubbar. Alle fylkeslag, med unntak av 4H Finnmark, har minst ein alumnklubb. 4H Trøndelag har to alumnklubbar. Totalt var det 797 alumnmedlemmar ved utgangen av 2021, som er ein nedgang på 11 % samanlikna med året før.





4H er ein verdsumfattande organisasjon, og 4H Norge er ein del av denne spennande verda. Det finst mange internasjonale tilhøve for 4H-arar.

Internasjonalt



For å skape føreseielege forhold i ei uføreseieleg tid med tanke på koronasituasjonen, vedtok 4H Norge sitt sentralstyre at all internasjonal aktivitet, der medlemmar møtast fysisk, skulle avlysast fram til 15. august i første omgang. Det har difor ikkje vore fysiske internasjonale utvekslingar, kurs og samlingar i 2021.

Norske IFYE alumnar (NIFYEA)

Koronapandemien sette ein stoppar for reiseverksemd og utvekslingar, men 4H Norge og NIFYEA hald likevel fram samarbeidet gjennom året.

States' 4-H International

States' 4-H International er ei eiga avdeling i USA, som arbeidar med 4H-utveksling. Grunna pandemien var det ingen utveksling.

Brevven

Norske 4H-arar vart inviterte til å få ein amerikansk brevvenn vinteren og sommaren 2021.

89

REGISTRERTE
4H-ARA I BREVVEN-
PROGRAMMET.



Virtual event for 4H-members

4H Norge var invitert av States' 4H til å presentere Noreg for amerikanske 4H-arar. Her fekk ungdommane lære litt norsk, høyre om kva som er spesielt norsk, sjå bilete frå landet vårt og dei fekk prøve seg på og lage ein strandbag ut av ei gammal t-skjorte, og dessutan freista seg på rosemaling.

Vertsfamiliar

Det har ikkje vore vertsfamiliar i 2021, grunna pandemien.

Rural Youth Europe (RYEurope)

RYEurope er eit europeisk samarbeidsorgan mellom organisasjonar for bygdeungdom i Europa. 4H Norge har ikkje hatt deltakarar på kursa grunna pandemien. Årsmøtet i RYEuropa og eit ekstraordinært årsmøte vart halde digitalt.

Global 4H Network

Global 4H er eit nettverk som omfamnar alle 4H-land i heile verden. Kvar verdsdel har to representantar i styret.

Pandemien gjorde at den planlagde fysiske Global 4H Network-samlinga i Tanzania vart avlyst. I staden blei det laga ei digital samling, som gjekk over tre dagar, kor mellom anna 4H-aktivitetar frå heile verda blei vist fram.

Den globale ungdomskomiteen

Den globale nettverket sakna eit større globalt ungdomsengasjement. Difor vart det i 2021 etablert ein global ungdomskomiteé, Global 4-H Youth Committee. Komiteen består av representantar frå alle 4H-regionene. Europa fekk to representantar (frå Finland og Kosovo).

Ungdomsfråsegna

Den globale ungdomskomiteen vil jobbe for å fortsetje 4Hs si lange utdanningshistorie på meiningsfylde område som leing, bygdeutvikling og landbruk. Fråsegna set òg søkelys på at 4H-ere verda over er opptatt av at vi skal vekse som organisasjon, og dessutan ha eit større perspektiv på kva vi kan bidra med i arbeidet vårt: M.a globalt samarbeid i samband med etterverknader av Covid-19, å fortsetje å være

ein inkluderande organisasjon, og dessutan globalt samarbeid om FNs berekraftsmål.

4H Gambia

Trass restriksjonar grunna Covid-19 hadde 4H Gambia god aktivitet i 2021, og talet på både klubbar og medlemmar, vaks. Medlemstalet var på nærare 13.000 medlemmar, fordelt på 70 4H-klubbar og 16 barne-skuler. 54 % av medlemmane er gutar og 46 % jenter. Etter ein grundig prosess vart strategiplan for 4H Gambia 2021-2024 vedtatt på deira landsmøte.

I samband med eit EU-prosjekt etablerte 4H Gambia ein planteskule nær 4H-kontoret med over 6 000 trær som blei planta i regntida. Målet med prosjektet er å bekjempe verknadene av klimaendringane (avskoging) og å plante inn treslag som er i ferd med å døyt ut.

Den planlagde studieturen til Gambia i februar vart avlyst grunna korona. Av same årsak vart det heller ikkje noko av det årlege prosjektbesøket frå Noreg til Gambia i november.



▲ **4H GAMBIA:** Planteskule med produksjon av småplanter i hagen til 4H-kontoret.



Glede over endeleg å kunne møtast fysisk igjen.

Administrasjon

2021 har vore endå eit år prega av koronapandemi. Det var krevjande å halde motet oppe, når planar støtt måtte avlysast eller utsetjast, med heimekontor store delar av året og få fysiske møte med kollegaer og 4H-arar. 4H Norge har eit engasjert sekretariat som vil det aller beste for 4H-arane og som gjer alt dei kan for at dei unge skal lære ved å gjere. Sekretariatet fortener all mogleg honnør for å ha klart å stå i det og fått 4H igjennom nok eit krevjande år.

I oktober hadde sekretariatet tilsettsamling i Tromsø, det var nokre etterlengta sosiale dagar som gav ny energi og knyta dei tilsette tettare saman som team. Under samlinga hadde dei tilsette òg ein bolk saman med Sentralstyret. Same helg og same sted var det òg landsstyremøte.

Økonomi

Omsetninga var på 28 842 112 kroner, og årsresultatet viser eit overskot på 1 903 790 kroner. Likviditeten er vurdert til å være god.

Sekretariatet

4H Norge hadde ved utgangen av året i alt 49 tilsette fordelt på 35,72 årsverk. I 4H er vi opptatt av å utnytte oss av resursane i heile landet og tilrettelegg for ei desentralisert tilsettstruktur, i 2021 har vi hatt til saman 19 distriktskontor rundt om i landet. 19,6 av årsverka (organisasjonsrådgivarar og prosjektstillingar) er finansiert av fylka.

Styreleiar i 4H Norge er tilkjent ein viss økonomisk kompensasjon.

Signe Lindbråten er generalsekretær i 4H Norge.

ÅRSVERK:

35,72

4H Hordaland: Dyktig 4H arrangerte motorsagkurs for dei eldste medlemmane. Deltakarane, som fekk dokumentert opplæring i bruk av motorsag, var svært nøgde med kurset. ►



Foto: Dyktig 4H



4h.no